



Snarkjøp: Butikksjef og kjøpmann Gunta Venge valde Snarkjøp-kjeda på grunn av lokal fridom og openheit. Foto: Per Eivind Vik

# Samlar dei små butikkane i éin Tank

Små butikkar i distrikta får eit alternativ til dei store daglegvarekjedene.  
Kjeda Tank vonar å samle 50 butikkar innan 2015.



HILDE LYSENGEN HAVRO

✉ hilde.havro@nationen.no (mailto:hilde.havro@nationen.no) | ☎ @94008628 (<http://twitter.com/94008628>)  
PUBLISERT: 14.01.14 00:01 | OPPDATERT: 14.01.14 10:50

[Tweet](#) [Anbefal](#) [Del](#)

Annonse ▾

Under slagordet «Små butikkar, store fordelar» lanserer Tank-kjeda eit alternativ for småbutikkar i distrikta. Tank vart oppretta i 2011

(<http://www.nationen.no/2011/03/09/naring/bensinstasjon/samla-dei-sm-a-butikkane-i-ein-tank>) som ei kjede for små drivstoffforhandlarar i Distrikts-Noreg. Med konseptet Tank Snarkjøp vonar etablerarane på snarleg vekst i talet på daglegvarebutikkar også. Per i dag er 32 butikkar knytt til Tank, inkludert fire daglegvarebutikkar.

– Målet er 50 butikkar innan 2015. Me har stor etterspurnad frå mange distriktsbutikkar over heile landet, men mange er bundne opp i kjedeavtalar, seier dagleg leiar i Tank, Per Eivind Vik, som saman med fetter Geir Inge Vik er gründerar av Tank.

## FAKTA

### TANK-KJEDA

Etablert i 2011 som alternativ kjede for små drivstoffforhandlarar i Distrikts-Noreg. 28 drivstoffforhandlarar og fire daglegvarebutikkar er knytte til Tank-kjeda. Forhandlar om innkjøp av drivstoff, daglegvarer og storhushaldsvarer for tilknytte butikkar/forhandlarar. Tilbyr også rettleiing og hjelp til oppbygging av butikk/kiosk.

### Lokal fridom

Begge to har lang erfaring som kjøpmenn sjølve. Tank Snarkjøp har eit sortiment på 2000 artiklar. I tillegg får butikkane tilgang til varesortimentet til Asko, som er Norgesgruppen sitt distribusjonsselskap, og som har over 20.000 varelinjer.

– Hos oss er det ingen føringar eller avgjelder frå sentralt hald som dei andre kjedene har. Kjøpmennene skal ha fridom til å sjølve avgjera kva dei vil tilby kundane sine, seier Vik.

Ein av butikkane som valde å bli med i Tank-kjeda er Hellesøy Landhandel i Øygarden kommune i Hordaland. Kjøpmann Gunta Venge undersøkte moglegheiter for kjedetilknyting då ho i 2013 starta opp att lokalbutikken i det vesle øysamfunnet.

– Eg hadde ein veldig open dialog med Tank, og kjende at her var det ein aktør som ikkje hadde noko å skjule. Når eg også har tilgang til heile sortimentet til Asko uavhengig om eg er med i Norgesgruppen eller Tank, måtte eg sjå på kva som ville vera viktig for meg som kjøpmann lokalt, seier Venge.

### Kundane får påverke

Venge seier det vart eit val mellom sentralstyring og lokal fridom.

– Det var avgjerande for meg å kunne utvikle ein butikk her ytst i Øygarden, og ikkje berre fylgje policyen på vareutval, prisar og tilbod, seier Venge.

Sjølv om det har vore eit tøft oppstartsår i 2013, er målet for 2014 å auke omsetninga slik at Venge kan ta ut løn.

### DETTE LESER ANDRE NÅ



### Duften av bondens møkk



### Ektepar fant opp smart konstruksjon for sneglefri hage



### Dyrka mark vik for E6 nok ein gong

### NYESTE SAKER

Les også: Underskot for fire av ti distriktsbutikkar  
[\(http://www.nationen.no/2012/08/21/naring/narbutikk/lokalbutikk/\)](http://www.nationen.no/2012/08/21/naring/narbutikk/lokalbutikk/)

– Kundane skal få ei god oppleveling, ei solid bedrift med fokus på kundar og produktkvalitet. Kundane som er innom har frå første dag vorte oppmoda om å koma med attendemeldingar på kva dei likar og ikkje likar, og på vareutvalet. Butikkane i småsamfunna spelar også ei viktig rolle i det sosiale livet og utviklinga i eit lite samfunn, seier Venge.

Tank tilbyr eit tilrådd sortiment for butikkane, men har ikkje eigne kampanjar og marknadsføring som dei store kjedene.

– Slike kampanjar er ofte dyre, og våre utrekningar tyder på at butikkane kan spara mellom 100.000 og 200.000 kroner på vårt konsept. Det er mykje pengar for ein liten butikk. Me har også konkurransedyktige prisar for butikkane, seier Vik.

Les også: To av tre fornøyde med nærbutikken  
[\(http://www.nationen.no/2011/08/07/naring/matvarer/matkjedeut/\)](http://www.nationen.no/2011/08/07/naring/matvarer/matkjedeut/)

### **Tru det blir vanskeleg**

Professor Ragnhild Silkoset ved Institutt for markedsføring ved Handelshøyskolen BI trur det blir vanskeleg for kjeda.

– Dei har ingen konkurransefortrinn, og då er det vanskeleg å konkurrere. Det er eit godt forsøk som eg trur ikkje vil vera i live særleg lenge, men det er flott om dei får det til, seier Silkoset.

Dagleg leiar i Merkur-programmet, Helge Schei, tykkjer det er eit interessant konsept.

– Det er interessant at det dukkar opp ein konkurrent til dei etablerte kjedene, og at det er ei byrjande interesse for konkurranse på dette området. I samband med dei diskusjonane som har vore kring at det er få aktørar, kan det vera eit steg på vegan, seier dagleg leiar i Merkur-programmet Helge Schei.

Les også: Nærbutikker har fått doblet støtten fra Merkur-programmet  
[\(http://www.nationen.no/2013/11/25/naring/naringspolitikk/lokalbutikk/merkur/\)](http://www.nationen.no/2013/11/25/naring/naringspolitikk/lokalbutikk/merkur/)

Følg Nationen på Facebook (<https://facebook.com/nationen.no>) og bli oppdatert på nyheter og debatt om distrikturene.

Liker Del 8986 liker dette. Bli den første blant dine venner.

Tweet  Anbefal  Del

---

### **ANBEFALT FOR DEG**



(<http://www.nationen.no/politikk/anundsen-far-pepper-for-skrytefilm/>)

**Anundsen får pepper for «skrytefilm»**  
**(<http://www.nationen.no/politikk/an-far-pepper-for-skrytefilm/>)**

**Kåt geitebukk forgriper seg - politiet ber eier melde seg snarest**  
**(<http://www.nationen.no/naering/ka-geitebukk-forgriper-seg-pa-geiter/>)**



(<http://www.nationen.no/naering/nibio-lurt-a-plukke-egga-til-brunsnigelen-no/>)

**- Lurt å plukke brunsniglegg no**  
**(<http://www.nationen.no/naering/nil-lurt-a-plukke-egga-til-brunsnigelen-no/>)**

---

### **TEMAORD TIL DENNE ARTIKKELEN**



Butikkjede (<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22Butikkjede%22>)

Dagligvare (<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22Dagligvare%22>)

Næringsliv (<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22Næringsliv%22>)

Tank (<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22Tank%22>)

Tank Snarkjøp  
<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22Tank Snarkjøp%22>)

handel (<http://www.nationen.no/arkiv/?q=Tags%22handel%22>)